

# Prosjektplan for kulturminneregistrering i samband med detaljregulering fv49 Nordrepollen-Austrepollen gnr. 56 bnr. 1 m.fl., Kvinnherad kommune

Vi viser til uttale til oppstartvarsel i brev datert 31.03.2023 og innspel til høyring av planprogram datert 18.12.2023, der vi varsla at planområdet har potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Prosjektplanen gjer greie for kva vi ventar å finne, arbeidsmetodar og omfang av registreringa.

## Potensialvurdering

Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne i planområdet. Kjende funn i planområdet og i omgjevnaden, og topografiske forhold indikerer potensial for funn av aktivitetsspor, særleg frå bronse-/jernalder. Slike kulturminne gjev viktig informasjon om busetnad og ressursutnytting lenge før det finst skriftlege opplysningar.

Det planlagde tiltaket utgjer eit større privat/offentleg tiltak, og tiltakshavar si undersøkingsplikt må gjennomførast i området. Vi viser her til lov om kulturminne §§ 9 og 10.

## Registreringsmetodar

Det blir nytta fleire metodar ved registrering. Kva metode som er vald, er avhengig av topografi og kva type kulturminne vi reknar med å påvise. Med dei ulike metodane kan det lokaliserast kulturminne med eller utan synlege spor på markoverflata. Ved registreringa skal vi i hovudsak nytte metoden maskinell sjakting.

Ved maskinell sjakting blir matjord og eventuell annan overdekkande masse avdekka med gravemaskin, slik at eventuelle førhistoriske strukturar i undergrunnen kan påvisast og dokumenterast. Sjaktene blir gjenfylt etter utført dokumentasjon.

Førhistoriske strukturar og funn samt sjakter og prøvestikk vert dokumentert ved planteikning og foto, og innmålt digitalt med CPOS/GPS.

Etter feltarbeidet blir resultatata frå registreringa systematisert og samanfatta i ein rapport som vert send til tiltakshavar. Kartfiler som viser automatisk freda kulturminne kan sendast før den endelege rapporten er ferdig dersom det er ynskjeleg.

## Omfang av registreringa

Det er i denne saka budsjettert med 2 personar i felt i inntil 30 dagar (60 dagsverk) inklusive reise til og frå oppdraget, og inntil 33 dagsverk til førebuing, rapportarbeid og oppfølging. Reiseutgifter er budsjettert etter Statens reiseregulativ. I tillegg kjem inntil 8 stk. 14C-prøvar i fall det blir påvist relevant dateringsmateriale. Katalogisering av eventuelle gjenstandsfunn blir utført av Universitetsmuseet i Bergen.

27.05.2024

Vestland fylkeskommune, Avdeling for kultur og folkehelse, Seksjon for kulturarv